

## **Nytt frå Myrkdalen Grendalag:**

**Styret har komande år denne samansetjing:**

**Gudmund Furu (leiar) (på val 2015)**

**Arne Bystøl (på val 2015)**

**Sigrid Skjervheim (kass) (på val 2015)**

**Anne Lise Ulvund (på val 2016)**

**Ole Kristian Årnot (på val 2016)**

**På årsmøtet vart det bestemt å auka prisane på lysingane på heimesida. Banner vert auka med 500 kr for året til 2500 kr og lysing vert auka med 100 kr til 600 kr. Prisane gjeld frå 2015, og skal betalast årleg.**

**Trimboksane vert no snart sette ut. I år står dei på desse stadane:**

**Svolefjell**

**Varden på Skabotn**

**Storebotn**

**Sendedalen – på hytta til Stig Erlend Jordalen**

**Gjetshellaren – fin utsiktsplass på Mørkve**

**Skjervheimslangeleina**

**Murane**

**Som tidlegare vil me også i år premiera dei som vitjar alle postane!**

**Det er no pynta ferdig ved Helgelandsteinen, mykje er gjort på dugnad, men det vart litt kostnad med kjøp av murstein og muring. Denne kostnaden vart delt mellom Grunneigarlaget, Grendalaget og Voss Spelmannslag.**

**Til hausten/vinteren vil me skipa til nye runder med quiz.**

.....  
18. juni 2014

Gudmund F.